

Eidesvik Havfiske AS

5443 BØMLO

Kristianna Maria Eidesvik

Vår dato: 08.11.2016

Vår ref.: 201604527-2

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Silje Aakre Solheim

22959544/saas@nve.no

Planlagt driftsendring Eidesvik Settefisk, Bømlo kommune, Hordaland – NVE si vurdering

Vi viser til brev av 24.8.2016 der Eidesvik Havfiske AS ber om NVE si vurdering knytt til driftsendring på deira anlegg ved Eidesvatnet i Bømlo kommune. Anlegget har i dag løyve til å produsere 2,5 millionar smolt. Selskapet har no planar om ei driftsendring som skal gjere det mogleg å produsere større smolt i anlegget. Etter driftsendringa skal det framleis produserast 2,5 millionar smolt (jf. e-post av 7.11.2016).

NVE skal i denne samanheng vurdere om denne endringa kan skje innanfor rammene i gjeldande vassdragskonsesjon av 19.3.2001. Konsesjonen omfattar ei regulering av Eidesvatnet på 9,5 m mellom LRV på kote -1,5 og HRV på kote 8. Det er også gjeve løyve til ei overføring av vatn frå Kvernavatnet til Eidesvatn. Denne skal avgrensast til det tilsigete som til ei kvar tid gjev ein vasstand i Kvernavatnet som er høgare enn 0,5 m under nivå for HRV i Kvernavatnet. HRV i Kvernavatnet skal vere identisk med overløp på dammen i utløpet av vatnet.

I følgje søkar skal den planlagde auken i storleik på smolt skje innanfor rammene i gjeldande konsesjon etter vassressurslova. Eidesvik Havfiske AS forklarar dette ved at dei vil bygge ei ny tilvekstavdeling med RAS-teknologi på settefiskanlegget. Fram til fisken er klar til vaksining (50-60 g) vil produksjonen skje som før i eksisterande gjennomstrøymingsanlegg. Etter vaksining/sortering, vil produksjonen bli overført til ei ny tilvekstavdeling med resirkulering, der ein vel å nytte brakkvatn (12-15 ‰). På bakgrunn av at driftsendringa skal skje ved ny teknologi, og innanfor rammene i gjeldande konsesjon, vurderer NVE det slik at søknaden ikkje vil medføre behov for ny konsesjonsbehandling etter § 8 i vassressurslova.

NVE påpeikar at det er Eidesvik Havfiske AS sitt ansvar å halde seg innanfor den gjeldande konsesjonen av 19.3.2001 med tilhøyrande vilkår, og dei krav som følgjer av vassressurslova. Selskapet må vere førebudde på å kunne dokumentere vassuttaket dersom NVE krev det.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Bømlo kommune
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune